

Vedtekter for Ås barnehage

1 EIGARSKAP

Barnehagen er eigd og vert driven av Opero.

2 LOVVERK/FORSKRIFTER

Barnehagen vert driven i samsvar med Barnehagelova, forskrifter til denne og gjeldande vedtak i Stord kommune om barnehagedrift.

3 TILSYN

Stord kommune har ansvar for å føra tilsyn med barnehagen.

4 FØREMÅL

Barnehagen skal gi born i alderen 0-6 år eit godt pedagogisk tilbod som samsvarer med Barnehagelova § 1.

Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og kommunale vilkår for barnehageverksemd, barnehagen sine egne vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagen si pedagogiske verksemd.

5 BARNEHAGEN SINE ORGAN

Ås barnehage er ei eiga eining i Opero as.

Samarbeidsutvalet:

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval som skal bestå av; Leiar og nestleiar av foreldrerådet, to representantar frå dei tilsette og dagleg leiar i Opero as. Representantar frå foreldreråd og tilsette skal ha kvar sin vararepresentant. Styrar i barnehagen har møteplikt og tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Det skal veljast ein leiar. Styrar fungerer som utvalet sin sekretær. Samarbeidsutvalet skal ha minst to møte i løpet av eit barnehageår.

Utvalet har som oppgåve å kontinuerleg evaluera barnehagen si generelle drift. Utvalet vil og fungera som drøftingsinstans for driftsplanar, moglege interesse motsetnader og det skal fastsetja barnehagen sin årsplan.

Foreldreråd:

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle borna i barnehagen. Leiar av foreldrerådet skal veljast kvart år av og blant foreldra på første foreldremøte etter gjennomført opptak.

Foreldrerådet si oppgåve er å jobba for eit godt samarbeid mellom barnehagen og borna sin heim.

Personalet:

Det skal til ei kvar tid vera kvalifisert personale i barnehagen i samsvar med Barnehagelova sine reglar.

6 OPPTAKSKRETS OG OPPTAKSKRITERIUM TIL BARNEHAGEN

Opptakskriterium.

1. Born med nedsett funksjonsevne; det skal føreliggja ei sakkunnig vurdering jfr. Barnehagelova § 13 og born der det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenesta §§4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd og Barnehagelova § 13.

2. Born som har sysken i barnehagen.

3. Barnehage tek i hovudsak imot born som er busett i Stord kommune. Søkjarar frå andre kommunar kan få plass dersom barnehagen har problem med å fylle barnehageplassane.

Opptaksmynde.

Det er samordna opptak i kommunen. Styrar i barnehagen har opptaksmynde og samarbeider med Stord kommune om opptaket.

Opptak av born vert gjort heile året til plass i private og kommunale barnehagar og følgjer dei kriteria som gjeld for den einskilde barnehagen.

7 FORELDREBETALING

Det er innført maksimalpris for heiltidstilbod i barnehage, og dei satsane gjeld i Ås barnehage. Juli månad er betalingsfri. Syskenmoderasjon er 30 % for barn nummer to, og 50 % for barn nummer tre.

8 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

Barn som får plass i barnehagen har plass til skulepliktig alder, eller til plassen vert sagt opp skriftleg.

Eit barnehageår gjeld frå 15.08. til 14.08. året etter.

Plassen kan skriftleg seiast opp av begge partar med 1 månad varsel, rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Det skal betalast ut oppseiingsmånaden. Etter 30.04. må ein betale ut barnehageåret.

Endring av opphaldstid/permisjonar i bruksåret kan godkjennast i særskilde høve som t.d. endra arbeidssituasjon, svangerskap, livskrise/sjukdom. Permisjonane/endringane skal fylgja bruksåret, og det vert ikkje gjeve permisjon etter 30.04. eller for einskildmånader med mindre det kan takast inn andre born i plassen.

Styrar/leiar avgjer søknaden.

9 OPNINGSTIDER

Ås barnehage er open frå kl. 06.30 – 16.30.

Barnehagen er open på kvardagar. Nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.30. Julaftan er stengt.

På enkeltdagar, dersom det er færre enn fem born som har behov for plass, er det mogleg for barnehagen å halda stengt.

Barnehagen er stengt 5 dagar pr. år til planlegging for personalet. Det vert ikkje fråtrekk i foreldrebetalinga for desse dagane.

10 FERIE

Alle born skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. 3 veker skal takast samanhengande om sommaren, mellom 01.05. og 31.08. Barnehagen skal informerast i forkant av at den siste ferieveka vert avvikla. Barn som skal over i skulen, eller som av andre grunnar sluttar pr. 14.08., må ha avvikla ferie før barnehageåret er omme.

Barnehagen held stengt 2 veker i juli, fortrinnsvis veke 29 og 30.

Foreldre/føresette skal innan 15.04. gi melding om kva tid barnet skal ha sommarferie. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeidar styrar ferielister for personalet.

11 KONFIDENSIELLE OPPLYSNINGAR

Fortruleg informasjon om born i barnehagen skal haldast nedlåst på forsvarleg måte på barnehagestyrar sitt kontor, og er berre tilgjengeleg for barnehagen sitt pedagogiske personale og føresette.

12 TEIEPLIKT

Alle tilsette, faste og midlertidige, underteiknar teieplikt og pliktar å etterleva dette vedrørande skriftlege og munnlege opplysningar om borna og deira familie. Det vert vist til Forvaltningslova § 13 pkt. a-f.

13 HELSE

Foreldre/føresette må senda eigenerklæring om barnet sin helsetilstand når barnet byrjar i barnehagen. Ved sjukdom gjer foreldre/føresette avtale

med styrar/ped.leiar om barnet skal haldast heime frå barnehagen. Sjukefråvere hos born skal meldast til barnehagen første fråværsdag før kl. 09.00.

Barnehagen har ulike samarbeidspartnarar innan kommunen, det gjeld skule, PPT, helsestasjon, barnevern, sosiale tenester, flyktningskontor m.m. Barnehagen har opplysningsplikt til sosialtenesta og til barnevernstenesta jfr. Barnehagelova §§ 21 og 22.

14 ANSVAR

- Personalet har ansvar for borna den tida dei er i barnehagen. Bringing og henting av borna er foreldra/føresette sjølv ansvarlege for. Den som følgjer og hentar barnet i barnehagen må ikkje forlata barnet utan å ha vore i kontakt med personalet.
- Beskjed til personalet, gitt gjennom barnet, skal vera skriftleg.
- Medbrakte eignelutar har personalet ikkje ansvar for.
- Dei tilsette i barnehagen skal ikkje ta med borna som passasjer i eigen bil eller offentleg transportmiddel, ta bilete eller videoopptak utan foreldra/føresette sitt skriftlege samtykke.
- Born er forsikra på veg til og frå barnehagen, i barnehagen og på turar i barnehagen sin regi. Ås barnehage har ulykkesforsikring på borna.

15 INTERNKONTROLL

Det er utarbeida system for internkontroll i Ås barnehage.

16 MISLEGHOLD OG KONSEKVEN SAR

Dersom foreldre/føresette som har born i barnehagen bryt desse vedtektene kan styrar i Ås barnehage bestemma at deira born kan miste barnehageplassen med 1 månad varsel. Det vert gjeve 8 dagar frist til å rette opp forholdet.

7 dagar etter forfalle faktura vert det sendt ut ei purring med gebyr med 7 dagars betalingsfrist. Ved framleis manglande betaling vert det sendt inkassovarsel med 14 dagars betalingsfrist. Dersom betalingsfrist ikkje vert overhalde, går kravet vidare til inkasso og plassen vert sagt opp.

Opningstida må respekterast. Blir barnet henta etter barnehagen si stengjetid kan det bli naudsynt å setja i verk fylgjande konsekvensar;

1. gong	tiltak:	munleg varsel
2. gong	tiltak:	skriftleg varsel
3. gong	tiltak:	betale kr. 400,-
4. gong	tiltak:	betale kr. 400,-
5. gong	tiltak:	oppseiing


17 OPPLÆRINGSARENA

Barnehagen vil bli brukt som opplæringsarena for aktuelle søkjarar i bedrifta og vil leggja til rette for opplæring i Barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Eigar pliktar å stilla barnehagen til disposisjon for øvingsopplæring for studentar som tek førskulelærerutdanning. Barnehagen sin styrar og ped.leiarar pliktar å rettleia studentar i slik øvingsopplæring jfr. Barnehagelova § 24.

Personar som vert tilbudd praksis- eller lærlingplass i barnehagen har på førehand blitt grundig evaluert i høve til bakgrunn og eignaskap. Dei skal levara politiattest.

Vedtektene er godkjende i styret for Opero 20.02.2018.



Arnulf Ingvaldsen
Styreleiar



Birte Nilsen
Dagleg leiar